



Ni av dei ti i branntroppen møtte til øving på Dønhaug onsdagskvelden og her er dei. Brannmeister Kjell Tungesvik lengst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedalen har ein branntropp av friviljuge som er prega av høg beredskap. Det vart klårt nok ein gong då troppen på onsdagskvelden hadde ein av tre haustøvingar på Dønhaug Gjestegard. Ni av dei møtte fram og det var brannmeister Kjell Tungesvik særns nøgd med.

Troppen har tre øvingar om våren og like mange om hausten. Når Dønhaug var "objekt" denne gongen, var det naturleg på bakgrunn av alle dei store arrangementa som har vore der i den seinare tid. Det er godt for branntroppen å vera kjend med tilhøva viss elden skulle komma laus. Den kom laus på Dønhaug ein gong, men det var for ca. 12 år sidan.

Heldigvis har Uskedalen vore forskåna for alvorlege brannar i seinare tid, men for eitpar år sidan var det ein brann i Herøysund, som troppen og har ansvar for å dekkja. I år har karane vore utkalt til den store skogbrannen i Ølve.

Når det gjeld utstyret, opplyser Tungesvik at dei har ein bil og ein veteranbil. Veteranbilen er frå rundt 1970 og den er tung å operera men har ei god pumpe. Sjølv om det hadde vore ynskjeleg å skifte ut bilen, er den altså framleis brukbar.

Under øvinga på Dønhaug la troppen slange ned til elva. Det er den og sjøen som naturleg nok må vera hovudkjelda under brannar i vår bygd.

Av Ola Matti Mathisen